OED
postmottak@oed.dep.no

Dykkar ref.: 19/511- 26.09.2019
Vår ref.: 121488483 / 1

Høyringsfråsegn frå SFE Nett AS til nasjonal ramme for vindkraft

SFE nett AS ynskjer som regionalt utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane å gje ei høyringsfråsegn til nasjonal ramme for vindkraft (NRV). Vi tek ikkje stilling til sjølve områda som er lagt fram, men vil fokusere på regionale nettilhøve i dei framlagde områda.

Sogn og Fjordane har generelt eit stort, og veksande, kraftoverskot. Ytterlegare vindkraftutbygging vil få verknad for transmisjonsnettet. I utkast til NRV er dette området kategorisert som «veldig bra» nettmessig eigna. Transmisjonsnettet er det Statnett som har ansvar for. Vi viser derfor til Statnett for verknadane på dette nettnivået.

Regionalt er det delar av område 48 Sunnmøre og Nordfjord, samt (heile) 49 Sunnfjord og Sogn, vi vil uttale oss om. Område 50 Nordhordland og Gulen ligg rett nok delvis i Sogn og Fjordane fylke, men denne delen av fylket er omfatta av BKK sitt regionale nett og utgreiingsansvar.

Område 48 Sunnmøre og Nordfjord.

Sørlege del av dette området vil være naturleg å knyte til overliggane nett mot Bryggja og Ålfoten.

Topografien og fordelinga av ekskluderte areal indikerer at det her er mest aktuelt med utbygging av mindre vindkraftverk (under 100MW). Ny produksjon i denne størrelsesorden kan knytast til regionalnettet på 132kV nivå i Bryggja. Fram til Bryggja må ein rekne med nettforsterking eller ny leidning. Det må og påreknast ytterlegare utviding av transformeringskapasiteten til transmisjonsnettet i Ålfoten.

SFE Nett AS
Sogn og Fjordane Energi
Post: Sørstrandsvegen 227
6823 Sandane
Besøk: Hamregata 1, Florø
NO 984 882 114
Bankkonto: 8580.13.93093
57 88 48 50|**sfenett.no**
kundesenter@sfenett.no

Område 49 Sunnfjord og Sogn

Dette området ligg i sin heilheit innafor Sogn og Fjordane og utgreiingsområdet som SFE Nett har ansvar for, men grensar i sør mot Sognefjorden og området til BKK. Dette området, særleg indre delar, omfattar store samanhengande fjellområde som kan gje plass til store vindkraftverk (>200MW).

Det nordvestlege området (Askvoll mm.) kan knytast til regionalnettet i Øyravatnet stasjon. Frå Øyravatnet til Grov er det bygd ein kraftig 132kV leidning, men denne er drifta på 66kV og Grov manglar transformering til overliggande transmisjonsnett (som passerer nær dagens stasjon). Spenningsoppgradering av regionalnettet samt ny transformering til overliggande transmisjonsnett kan bli nødvendig. Alternativt forsterking av eksisterande nett mellom Grov og dagens transmisjonsnetts-stasjonar.

Midtre område (Hyllestad, Fjaler og Sande) har normalt regionalnettstilknyting mot Moskog. Dagens regionalnett kan oppgraderast til å handtere små og mellomstore vindparkar. Det ligg føre planar for dette. For større utbyggingar må ein rekne med å forsterke/bygge ny leidning fram til Moskog, kombinert med utviding av Moskog stasjon.

Det sørvestlege området (Hyllestad, Høyanger vest) kan og knytast til transmisjonsnettet sør for Sognefjorden (BKK området). Her er ingen regionalnettsforbindelse i dag.

Austlege delar (Sande, Høyanger aust) kan med fordel knytast mot transmisjonsnettet i Høyanger (god transformeringskapasitet). SFE Nett har ein eldre kraftledning aust i dette området, men konsesjonsbetingelsane som vart sett til bygging av 420kV Sogndal-Ørskog stiller som krav at denne skal rivast.

Venleg helsing
SFE Nett AS

Kristen Skrivarvik

Senioringeniør / Nettforvaltning